

Årdal

Teknologi og miljø inn i framtida

Årdal kommune
Kommuneplan samfunnsdel
2022 - 2030



Vedteken av Årdal kommunestyre 16.06.2022

Innhald

Teknologibygda Årdal.....	3
1 Overordna mål og føringar for teknologi- og miljøbygda inn i framtida	4
2. Tema.....	5
Innleiing.....	5
2.1 Klima, energi og miljø	6
2.2 Årdal som nasjonalparkkommune	8
2.3 Bustadtilbod og gode bumiljø	10
2.4 Helse og omsorg	11
2.5 Oppvekst og kultur	13
2.6 Verdiskaping, innovasjon og arbeidsplassutvikling	15
2.7 Transportstrategiar - Samferdsle, trafikk og parkering	17
2.8 Arealstrategiar	19
2.9 Kommunen som organisasjon.....	21

Teknologibygda Årdal

Årdal er Noregs tøffaste kommune. Ein tøff påstand av ein ordførar som er viljig til å vise fram det meste, for å få innbyggjarar og andre til å sjå dei fantastiske kvalitetane til dette lokalsamfunnet.

Årdal er eit tettbygd moderne samfunn omringa av spektakulær natur der innbyggjarane lever gode liv. Eit samfunn som er bygd opp gjennom eit samspele mellom natur, teknologi og folk. Gjennom dei neste 10 åra vil vi vise at Årdal er i stand til å ta dette store steg vidare. Ved å ta vare på naturen og å utnytte dei teknologiske føremonane samfunnet har, skal vi vere med på å finne løysingar landet og verda treng for å nå dei ambisiøse klimamåla.

Fundamentet for å få dette til, ligg i dei naturgitte føresetnadane, med ein spektakulær natur med store verdiar. Og den ligg – ikkje minst – i det teknologiske miljøet som har fått utvikla seg i Årdal, som ein smelteidig for framvekst av grøn teknologi. Ved å ta vare på naturen sine eigne verdiar og nytte avkastingane på ein god måte, skal vi vise at det er mogleg, og rett, å kople saman moderne industri med ambisiøse klimamål.

Skal Årdal makte å ta ut potensialet, må vi ha nok folk. Vi må difor makte å vidareutvikle også det sosiale og kulturelle livet i bygda slik at dei som bur her blir gode ambassadørar for andre som ynskjer å leve gode moderne liv. Årdal er alt i dag ein attraktiv bustadkommune, eit livskraftig lokalsamfunn, kjenneteikna ved velferdskommunen sine viktigaste pilarar: Ein kommune med trygge og gode oppvekstvilkår, med barnehagar og skular som får fram det beste i oss. Og vi skal bidra til ei utvikling av bygda som er prega av dei viktigaste byggsteinane for folkehelse: tryggleik, tillit, rettvis fordeling og likeverd.

Kommuneplanen sin samfunnsdel viser veg i landskapet av utvikling dei neste åra. Den vil ikkje vere fasiten av di mange ting kan skje, og kjem til å skje som vi ikkje veit konsekvensane av. Det vi veit er at vi som samfunn skal stå saman og støtte kvarandre i det arbeidet vi har føre oss. Vi skal vere robuste for å tåle endringar og finne dei beste vegane vidare - saman.

Med helsing
Hilmar Høl
ordførar

1 Overordna mål og føringar for teknologi- og miljøbygda inn i framtida

Årdalssamfunnet er bygd på vilje og pågangsmot for utvikling. Ressursane i menneska og naturen, var grunnlaget for tidlegare framsteg og er det for det nye som skal kome. Ein natur og eit folk av det tøffaste i Noreg. Dette er styrkar Årdal vil bygge vidare på i åra som kjem, og vise verda korleis ein kan smelte saman satsinga på teknologi og berekraft for å nå ambisiøse klimamål og utviklingsmål for samfunnet som heilskap.

Årdal er eit samfunn som alltid har opplevd omstilling og endring. Frå å vere ei lita landbruksrend, til storindustri med over 7000 innbyggjarar og utvikling «to små byar», til eit meir differensiert samfunn med stadig behov for effektivisering og tilpassingar. Årdal er påverka av dei store sentraliseringstrendane der ungdom og særskilt kvinner dreg til sentrale strøk, men har likevel klart å stabilisere folketalsutviklinga.

For ei vidare og god utvikling i Årdal, må vi halde på dei som bur her og som kjem til Årdal. Vi må sikre eit breiare tilfang av arbeidsplassar generelt, og særskilt til høgt utdanna kvinner. Det kan vi få til gjennom vidare utvikling og eit positivt omdøme bygd på eigne kvalitetar.

Samfunnsplanen er bygd på FN sine 17 berekraftsmål, og dei tre dimensjonane klima/miljø, sosialt og økonomisk. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge for korleis framtidige generasjonar skal få dekka behova sine.

Hovudmålet fram mot 2030 er forma slik:

**«Årdal er eit berekraftig lokalsamfunn
med sterke bukvalitetar»**

Felles overordna mål for 2022 – 2030:

- Sikrar god helse, universell utforming og fremjar livskvalitet for alle
- Årdal har mange og gode møteplassar som bidreg til høg bulyst og samarbeid på tvers i samfunnet
- Årdal er prega av eit sterkt kulturliv med idrett, friluftsliv og frivillig arbeid
- Årdal er eit klima-, natur- og miljøvennleg samfunn
- Vekst i tal arbeidsplassar er basert på grøn teknologi og sirkulærøkonomi
- Teknologi og miljø gjennomsyrer heile lokalsamfunnet
- Årdal har høg kvalitet på kommunale tenester

2. Tema

Innleiing

Kommuneplanen for Årdal viser i kva for retning vi ynskjer kommunen skal utvikle seg i over tid, og korleis kommunen og andre aktørar vil bidra til at utviklinga kan gå i den retninga. Eit viktig poeng med kommuneplanen sin samfunnssdelen er at den skal fange heilskapen i utviklinga, samtidig som den klarar å definere denne heilskapen inn i konkrete tema/område slik at arbeidet vert mogleg å handtere. Samtidig veit vi at samfunnet rundt kan endre seg raskt på måtar og område vi ikkje hadde sett føre oss. Det er difor viktig at samfunnsplanen er ein dynamisk plan som gjer det mogleg å revidere konkrete mål og strategiar undervegs for å heile tida ha dei langsiktige måla for auge.

Sjølv om vi i dag har eit bilet av situasjonen i kommunen, er det naudsynt å halde fram med å gjere utgreiingsarbeid for at vi skal få ei betre forståing, og kanskje og ei riktigare forståing, av dei utfordringane og styrkane vi har. Behov for ny kunnskap er vist gjennom å legge dei inn som tiltak i planperioden og som grunnlag for ei årleg evaluering av kvar vi står i høve retning og gjennomføring av tiltak.

Kommunen har lagt sterke føringar om å vere i front for å setje dagsorden for arbeid i eigen organisasjon og i samfunnet som heilskap. Samfunnssdelen tek difor utgangspunkt i FN sine berekraftsmål og dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: *klima/miljø, økonomi og sosiale tilhøve*. Dei ulike tema i planen viser korleis kommunen skal få meir fokus på utfordringane innan dei tre dimensjonane og peiker ut strategiar og prioriteringar med bakgrunn i desse.



Revisjonen av kommuneplanen har også satt fokus på den nye rolla kommunen har fått som nasjonalparkkommune. Dette er gjort både gjennom eit eige tema, men også tatt med i vurderingane av dei andre tema og samfunnsområda for utviklinga i Årdal.

Omtalen og problemstillingane knytt til dei andre einskilde tema, er i hovudsak basert på kommuneplanen frå 2019. Dette er gjort for å føre vidare hovudtrekka i planen, og ikkje gjøre større endringar enn det som er naudsynt.

2.1 Klima, energi og miljø

Omtale av tema

Endringar i klima har alt ført til store utfordringar for Årdal i form av meir ekstremvær og nedbør, med auka fare for flaum og ras. Energi- og klimaplanlegging er tett knytt saman og kommuneplanen legg føringar og konkrete planar for korleis kommunen og andre skal jobbe med energi- og klimaspørsmål i eit heilskapleg perspektiv. Arbeidet med å redusere utslepp og ha ei miljøeffektiv drift, verkar inn på planar for utbygging av bustadområde, næringsbygg, etablering av fjernvarme, teknisk infrastruktur, organisering av tenester m.m. Skal kommunen nå ambisjonane om å vere ein av dei beste miljøkommunane i landet, må alle aktørane i lokalsamfunnet spele på lag.

Kommunen har alt store føremoner når det gjeld kunnskap omkring natur og industrielle miljøspørsmål. Vi har mykje fornybar energi og to tette bygder som gjer det mogleg å skape eit berekraftig samfunn og vi produserer aluminium på ein berekraftig måta. Miljø er difor eit tema som vil gå att i fleire av dei andre tema i planen. Samtidig vil vi her løfte fram spesifikke og overordna tema slik at viktige klima og miljøspørsmål kan bli eit førande element for samfunnsutviklinga i kommunen.

Prosjektet *Miljøkommunen Årdal* er eit viktig verkty for å løfte fram tiltak som skal bidra til å nå miljømåla. Prosjektet skal konkretisere tiltak og strategiar for å utvikle Årdal og vise korleis små kommunar kan bli sterke miljøkommunar ved å nytte eigne sterke sider

Delmål 1: Årdal er eit lågutsleppssamfunn der det er lett å leva klima-, natur- og miljøvenleg

Dette når me ved at me:

- Etablerer formelle samarbeidsforum på tvers av lokalsamfunnet for klima/miljø.
- Reduserer klimagassutslepp, ureining og støy.
- Utviklar ein sirkulærøkonomi med gjenvinning, reparasjon og gjenbruk, der alle kan velja delings- og gjenbruksløysingar i sitt forbruk.
- Utnyttar vår teknologiske posisjon til å utvikle nye arbeidsplassar baserast på grøn teknologi.
- Legg til rette for fossilfri transport, med kollektiv persontransport og gode vilkår for gange og sykkel.

Delmål 2: Årdal tek vare på naturen ved å sikra naturmangfaldet og økosystema

Dette når me ved at me:

- Utviklar kunnskapsbasert og føreseieleg forvaltning av naturressursane, ved kartlegging av naturmangfald og utvikling av arealrekneskap.
- Sikrar naturressursane gjennom utvikling av nasjonalparkkommunen og restaurering av forringa natur.
- Tek vare på vilt, fisk og naturressursar som myr og andre marginale førekomstar.
- Sikrar rein luft, reint vatn og hindrar forureining og forsøpling.
- Legga til rette for enkel og trygg tilgang til «nærnatur» ved bustadområde.
- Legg til rette for grøne og blå strukturar som tek vare på naturmangfaldet.
- Ny arealbruk skal ikkje gjere at tilstanden til vassførekomstar blir forringa. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

Delmål 3: Årdal kommune er ein miljømedviten organisasjon og samfunnsaktør

Dette når me ved at me:

- Stiller klima-, natur- og miljøkrav til samarbeidspartar, utbyggjarar og i offentleg innkjøp.
- Byggjer mindre ved attbruk av bygg og utviklar dei til fleksible bygg for fleirbruk.
- Utviklar klima- og energieffektive bygg av høg kvalitet og fossilfrie byggeplassar.
- Reduserer utslepp og effektiviserer energiforbruk.
- Nyttar klimarekneskap og klimabudsjett for evaluering og konkretisere tiltak.

Delmål 4: Årdal, eit trygt og klimarobust samfunn i eit endra klima

Dette når me ved at me:

- Utviklar system for jamleg klimarisikoanalyse av finansiell klimarisiko, fysisk klimarisiko, overgangsrisiko, ansvarsrisiko, gjennomføringsrisiko og grenseoverskridande risiko. Utvikle strategiar og tiltak frå analysa, som vert innarbeida i planverk og aktuelle samfunnsområde og overordna ROS-analyse.
- Har oversikt over fareområde og driv aktiv klimatilpassing som sikrar bustadområde og anna bygg og infrastruktur mot naturskade.

Delmål 5: Årdal er ein aktiv medspelar for å verkeleggjere Grøn region Vestland

Dette gjer me ved at me:

- Utnyttar aktivt potensialet for verdiskaping og grøn konkurransekraft.
- Utnyttar potensiala for industrielle symbiosar og klimavinstar.
- Arbeider aktivt for å få tilgang på fornybar energi.
- Bidra til tilrettelegging for meir fornybar kraft og utnytte fordelane av stor lokal kraftproduksjon.

2.2 Årdal som nasjonalparkkommune

Omtale av tema

Årdal er ein nasjonalparkkommune knytt til Jotunheimen nasjonalpark. Nasjonalparkane er rekna som det flottaste vi har av natur. Dei skal gje oppleving og bli tatt vare på, men og vere ein ressurs i utviklinga av samfunnet. Merkevara *Norges nasjonalparkar* skal bidra til økonomisk, kulturell, sosial og miljømessig verdiskapning og til å styrke vernet av nasjonalparken. I Årdal ligg og *Utladalen landskapsvernombordet* som vart oppretta saman med Jotunheimen nasjonalpark i 1980.

Årdal ligg der Sognefjorden går på land og du finn vegen inn i Jotunheimen gjennom mellom anna Utladalen. Her finn du turar til spektakulære utsynspunkt, Vettisfossen med sitt frie fall på 275 meter, autentisk kulturlandskap i Utladalen landskapsvernombordet, oppvarma friluftsbasseng i sentrum av både tettstaden i Øvre Årdal og Årdalstangen. I tillegg byr Årdal på nokre av dei verkeleg klassiske fjellturane Jotunheimen har å by på, og du kan bli med på padlekurs, padletur eller vandretur med guide med Bulder & Brak Opplevingar. Om ein heller vil vera i ein båt, kan ein booka plass på historiske M/B Tya, og få eit guida fjordcruise i den indre delen av Sognefjorden.

Om lag 20 % av Jotunheimen nasjonalparkområde og Utladalen landskapsvernombordet, ligg innanfor Årdal kommune sine grenser. Som nasjonalparkkommune har Årdal forplikta seg på å følgje eit sett av nasjonale kriterium. Samfunnsdelen viser korleis desse kriteria er forankra i kommunen sine overordna styringsdokument og i prioriteringar og strategiar for dei ulike tema og sektorar. Det er dei samla strategiane og tiltaka som skal sikre at Årdal står fram som eit førebilete på å løfte statusen som nasjonalpark inn i den samla samfunnsutviklinga i kommunen. Som ein viktig del av dette skal kommunen aktivt legge til rette for tilreisande som vil oppleve nasjonalparken og områda rundt, og forpliktar seg til å ta vare på dei natur- og verneverdiane som er knytt desse områda.

Delmål 1: Årdal kommune er ein tydeleg og attraktiv nasjonalparkkommune som går føre i å vise korleis statusen vert knytt til alle deler av samfunnsutviklinga

Dette når me ved at me:

- Legg konkrete mål og strategiar i alle sektorplanar for å styrke statusen som nasjonalparkkommune
- Legg statusen som nasjonalparkkommune som ein dominerande føring i arbeidet med å utvikle Årdal som ein attraktiv stad å bu, leve og besøke.
- Brukar statusen som nasjonalparkkommune til å utvikle berekraftige besøksnæringer.
- Arbeider aktivt for å få nasjonal autorisasjon, for eit nasjonalparksenter i kommunen.
- Arbeider aktivt for at Årdal og Utladalen blir kjent som innfallsporten frå vest til Jotunheimen nasjonalpark.

Delmål 2: Årdal styrkar innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv

Dette når me ved at me:

- Utviklar og legg til rette for gode informasjonstavler og naudsynte service og sanitærfunksjonar ved prioriterte innfallsportar til nasjonalparken.
- Samarbeider med vegmynde for styrka skilting mot Årdal og nasjonalparken, frå Bergen, Borgund, Lærdal og frå Tyin, Sognefjellet og Tindevegen
- Utviklar og tek i bruk undervisningsopplegg for born og unge til bruk i barnehage og skule
- Etablere tydelege presentasjonar av nasjonalparken og nasjonalparkkommunen på torg og andre sentrale samlingsstadar i kommunen

- Etablere eit kompetent fagleg bindeledd mellom Nasjonalparksenteret, kommunen og andre forvaltningsorgan
- I løpet av 2022 utarbeide fyrste utgåve av ein konkret handlingsplan for arbeidet som nasjonalparkkommune. Handlingsplanen skal konkretisere ansvarsfordeling og roller mellom aktørane.
- Arbeider aktivt for å få nasjonal status av *Folkevegen* mellom Hjelle og Vetti, som nasjonal turiststi.

Delmål 3: Årdal har integrert arbeidet som nasjonalparkkommune i alle deler av samfunnet

Dette når me ved at me:

- Etablerer eit forpliktande samarbeid mellom kommune og vernestyresmaktene for å sikre god dialog og felles forplikting på utviklingsarbeidet bruk og vern
- Etablerer formelle nettverk for samhandling mellom næringsliv, organisasjonar og forvaltninga på alle nivå for å sikre tett dialog med kommersielle og ikkje kommersielle aktørar.
- Er aktive pådrivarar og legg til rette for å heve kvaliteten på alle punkt mot innbyggjarar og kundar.
- Samarbeider for god informasjon om og forståing for nasjonalparken og viktige naturmiljø.
- Arbeider gjennom strategisk reiselivsplan for auka besøk, verdiskaping og betre vern.
- Utarbeider ein besøksstrategi som er forankra hjå dei ulike aktørane.
- Bygger kompetanse om bruk og vern i nasjonalparken gjennom samarbeid med andre
- Utarbeider konkrete utviklingstiltak for innfallsportane til nasjonalparken.
- Styrker Tindevegen Årdal – Turtagrø og den historiske Tunnelvegen Sletterust –som turistattraksjonar og viktige element i bruk og vern av nasjonalparken.
- Bidreg til betre marknadsføring av aust forbindingane frå Fodnes og Tyinkrysset til Turtagrø over Tindevegen.

2.3 Bustadtilbod og gode bumiljø

Omtale av tema

Årdal kommune har fokus på at det vert etablert nye bustader. Manko på bustad er truleg mellom dei største utfordringane for å stabilisere og om mogleg auke folketalet. Det er svært få bustader til sals og det er ein svak utleigemarknad.

Utviklinga i folkesetnaden vert påverka av flytting inn og ut. Pendling inn til kommunen og gjestearbeidarar fører til tapte skatteinntekter og tapte rammeoverføringer frå Staten.

Utvikling av arbeidsplassar er inne i ein svært positiv utvikling. For Årdal som lokalsamfunn, betyr det mykje at flest mogleg nye tilsette blir buande i kommunen og ikkje som pendlarar. Samtidig må Årdal ta høgde for å legge til rette for å busette fleire gjestearbeidarar.

Det er difor viktig å skape gode bumiljø og bulyst for dei som alt bur her, samtidig som vi klarar å vere attraktive for nye innbyggjarar. Etablering av fleire og gode møteplassar vil vere sentralt saman med å etablere gode bustadar. Etablering av nye bustadar skal og vere gode klimatiltak, ved bruk av alt Årdal kan by på av fjernvarme, teknologi for drift og energieffektive løysingar. For å utvikle bustadmarknaden må kommunane nytte eige handlingsrom og samarbeide med andre finansielle aktørar.

Delmål 1: Årdal har eit positivt omdøme med høg blilyst

Dette når me ved at me:

- Bidreg til å utvikle Tangen og Øvre til attraktive sentrumsområde med gode møteplassar og urbane kvalitetar.
- Bidreg til å utvikle Øvre og Tangen som stad for fortetting av sentrum med bustadar og offentleg og privat service.
- Utvikle strandsona på Tangen og i Seimsdalen som ein arena for friluftsliv og port til Årdal for besøkande som kjem med båt.
- Nyttar aktivt Tilflyttarkontoret for å marknadsføre Årdal i høve tilflyttarar og kople dei til aktuelle bustadar.
- Utviklar ein attraktiv friviljugsentral på Tangen med erfaring frå Øvre.
- Utnyttar sentrale tilskotsordningar til å gjennomføre bulyst prosjekt.
- Utviklar Fremre Utladalen ved Svalheim som ein arena for friluftsliv og fysisk aktivitet.

Delmål 2: Årdal skal ha tilgjengelege og attraktive bustadar for folk i alle livsfasar

Dette når me ved at me:

- Nyttar prosjektet *Attraktive bustader i Årdal* til å støtte opp om eit målretta arbeid for å kople saman behov for bustad og tilbod om bustad som stettar den einskilde sine krav.
- Driv aktiv bustadpolitisk planlegging med bustadsosial planlegging for å styrke kunnskap om bustadmarknaden og bruk av ulike verkemiddel i høve bustadmarknaden.
- Nyttar det kommunale økonomiske handlingsrommet til m.a. økonomisk stønad som stimuleringstiltak.
- Etablerer forpliktande offentleg-privat samarbeid for utvikling av prioriterte sentrumsområde.
- Samarbeider med utbyggjarar for universell utforming av alle bustadar ved å legge til rette for heis og anna infrastruktur som gjer at personar kan bu lenger i eigen bustad.
- Arbeider aktivt for å styrke tilgangen til hyblar og andre tilpassa bustadar for elevar/studentar.

2.4 Helse og omsorg

Omtale av tema

Helse og omsorg er den største og tyngste sektoren for produksjon av kommunale tenester. Den store verksemda med bygningar, tilsette, kjøretøy m.m., må ta eit stort ansvar for å vise i praksis korleis dei tilpassar seg det grøne skifte. Med t.d. utsleppsfree kjøretøy, lågenergibygningar og bruk av teknologi i tenesteproduksjonen, vil dei vere eit utstillingsvindauge for å omsette generell kunnskap til praktiske løysingar.

Kommunen har ein eigen helse- og omsorgsplan som gir kommunen god innsikt i eigne utfordringar og utforming av tenestene til innbyggjarane. Den generelle utviklinga er at det blir fleire eldre fleire brukarar av dei kommunale omsorgstenestene. Den største auken av tenestemottakarar har dei siste tiåra vore personar under 67 år. Stadig fleire får livsstilssjukdommar som diabetes type 2, KOLS, kreft og overvekt. I tillegg aukar delen innbyggjarar med psykiske lidingar og rus. Det er difor eit auka behov for tidleg innsats og førebygging.

Kommunen har og utarbeida ein folkehelserapport, «*Folkehelseoversikten i Årdal kommune 2019 – 2023*», som gjev eit svært godt bilet av situasjonen. Indeksen over leveår viser at Årdal er mellom vinnarane når det gjeld det gode liv. Dette gjeld mellom anna: låg kriminalitet, små sosiale skilnadar, lite bruk av sosialhjelp, høg inntekt, få saker hjå barnevernet. Men Årdal har og sine utfordringar med psykiske lidingar, rus og sjølvmord.

For å få til ei god samfunnsutvikling må Årdal klare å handtere utfordringar knytt til endringar i folkesetnaden, næringsliv knytt til basisnæringer/industri, usikre økonomiske rammer for kommunen, og at det er krevjande å rekruttere og halde på kompetanse i offentleg og privat sektor

Ein viktig positiv faktor er at Årdal har eit fortetta busetnadsmønsteret som er ein viktig føresetnad for å kunne få til ein effektiv struktur på tenester og det sosiale liv.

Delmål 1: Årdal har berekraftige helse- og omsorgstenester over tid, med høg kvalitet og nøgde tenestemottakar

Dette når me ved at me:

- Tilpassar organiseringa etter endra behov, utfordringar og tilgjengelege ressursar.
- Utviklar bygningsmassen slik at vi kan styrke tenestetilbodet, gjere drifta meir effektiv og redusere kostnadane ved å samordne tilbod.
- Legg til rette for at fleire kan bu heime og få tenester og tilbod tilpassa eigne føresetnadar.
- Bygger gode arbeidsplassar med høg trivsel for å rekruttere og halde på kompetanse.
- Etablerer strukturar som styrkar samhandling på tvers av aldersgrupper.
- Reduserer tal tenestestader.
- Etablerer bufellesskap for psykisk sjuke og ROP-pasientar med dagtilbod
- Legg føringane i «Leve heile livet» til grunn for kvalitetsutviklinga i tenestene
- Gjennomfører eit utviklingsprosjekt i omsorgstenesta med fokus på kvalitet og kostnad
- Held fast ved prinsippet om at helse- og omsorgstenester som hovudregel skal bli gitt av kommunalt tilsette
- Analyserer tenestene for å avdekke og lukke manglar i omsorgstrappa, t.d. omsorgsbustadar /omsorgsplassar
- I størst mogleg grad samordnar ergoterapi- og fysioterapitenester med andre helse- og omsorgstenester.

Delmål 2: Årdal har ein effektiv bygningsmasse med høg teknisk og teknologisk standard, som gir meirverdi i samfunnsutviklinga

Dette når me med å:

- Ved nybygg legge til rette for meir samordna tenestetilbod
- Ved nybygg og større utbetringer av bygg, ta i bruk moderne teknologi for drift av bygg og styrke tenestene
- Ved etablering av nye strukturar og bygningsmasse vurderer vi og andre verdiar det kan ha for lokalsamfunnet
- Stille krav om universell utforming av alle bygg, anlegg og andre møteplassar.

Delmål 3: Årdal er eit samfunn der alle trivst og får delta aktivt i samfunnet

Dette når me ved at me:

- Legge til rette for eit bredt fritidstilbod for alle aldersgrupper, uavhengig av økonomi.
- Samarbeide med andre aktørar for at eldre skal få nytte sin kompetanse og energi til å styrke lokalsamfunnet.
- Bidreg aktivt til universell utforming som sikrar aktiv deltaking frå alle.
- likeverd kan dette styrke innsats knytt til sosial berekraft i kommuneplanen.
- Nyttar årleg oppdatering av folkehelserapporten som verkemiddel til å forstå situasjonen og utviklinga. Dokumentet skal gje grunnlag for å avdekke behov for endring av mål og strategiar.
- Utviklar gode møtepunkt og møteplassar som vert nytta aktivt i førebyggande arbeid
- Etablerer gode og målretta førebyggande tiltak mot psykiske lidningar, rus og sjølvomord.

2.5 Oppvekst og kultur

Omtale av tema

Oppvekst og kultursektoren i kommunen, er ein stor verksemd, som kan ha ei avgjerande rolle i å nå måla om å vere ei teknologibygde og ein føregangskommune for miljø og det grøne skifte. I undervisning, aktivitetar og gjennom bygg/anlegg skal sektoren aktivt bidra til å nytte moderne teknologi og vise korleis dei kan bidra til kunnskap om og reduksjon i utslepp av klimagassar og effektiv utnytting av energi m.m.

Kommunen har full barnehagedekning og alle som flyttar til kommunen får rett til barnehageplass. Skulane jobbar godt med tverrfagleg arbeid og skuleresultata er stabilt midt på treet. Vi har og eit godt utbygd tenestetilbod til vaksne i samarbeid med Vestland fylkeskommune.

Kommunen har eit svært breitt og varierte kulturlivet i bygda. Arbeidet er bygd på eit tett samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar. Kulturskulen har eit breitt tilbod og har god elevdeltaking.

På personalsida er det tilfredsstillande grunnkompetanse i skulane,, men ein manglar personale med vidareutdanning i enkelte spesialfag. Barnehagane opplever at det er vanskeleg å oppfylle utdanningskravet til barnehagelærarar. Det er generelt vanskeleg å rekruttere vikarar både i skule og barnehage.

Barnetalsutviklinga har synt ein tendens nedover i tråd med folketalsutviklinga, men er no i ein fase der det ser ut til å stabilisere seg.

Ein del av bygningsmassen har store vedlikehaldsetterslep og vil krevje endra fokus på investering versus vedlikehald. Einskilde bygningar har behov for full rehabilitering.

Delmål 1: Årdal kommune har gode skular og barnehagar med eit kompetent og engasjert personale

Dette når me ved at me:

- Har konkrete tiltak i grunnskulen og barnehagane som sikrar inkluderande og trygge arenaer der barna trivst, utviklar seg og lærer.
- Utarbeider ein kommunedelplan for sektoren som eit samarbeid med alle tilsette og bygda for å bygge vidare på dei positive kvalitetane og avdekke svake punkt vi må forbetre.

Delmål 2: Alle barn og unge får kunnskap og oppleveling av kvalitetane i Årdal som teknologibygde og miljøkommune

Dette når me ved at me:

- Utviklar tilbod for alle aldersgrupper retta mot å få spesifikk kunnskap om teknologi og miljø gjennom dei ordinære tenestetilboda.
- Tek i bruk nyaste teknologi i alle bygg og anlegg som vert nytta til undervisning og nytte dei aktivt i undervisning og andre aktivitetar.
- Trekker tilsette og born/unge inn i arbeidet med å utvikle kommunen som ein nasjonalparkkommune.
- Brukar aktivt teknologiparken i høve born og unge i skule og fritid
- Styrkar den vidaregåande skulen gjennom større fokus på teknologi og teknologiske fag, ved å kople utdanninga til teknologimiljøet i kommunen

Delmål 3: Alle som treng og ynskjer vidareutdanning og ny kunnskap som kommunen har behov for, skal få tilrettelagte opplegg slik at dei kan bli viktige ressursar for lokalsamfunnet

Dette når me ved at me:

- Har eit kvalitativt godt tilbod om språkopplæring til innvandrarar.
- Legg til rette for desentraliserte utdanningsløp ut frå den einskilde sine og samfunnet sine behov.
- Nyttar nasjonale utviklingstilbod på kompetanseheving.

Delmål 4: Vidaregåande opplæring i Årdal er attraktiv og har ein sterk posisjon

Dette når me ved at me:

- Har gode tilbod for helsefagutdanning og teknologi, og industrifag som elektro, automasjon, kjemi, prosess og laboratoriefag.
- Driv aktiv marknadsføring av studietilboda og jobbmoglegheiter i Årdal
- Utviklar gode tilbod på reiselivsutdanning saman med bedrifter
- Har attraktive hybler/kollektiv som styrkar bumiljøet og det sosiale fellesskapet
- Etablerer gode ordningar for miljøarbeidrarar
- Styrkar samarbeidet med Sogndal VGS og bruk av digital undervisning lokalt

Delmål 5: Kulturlivet i bygda skal vere eit kvalitetsstempel for bygda, både i innhald og i måten å samhandle på

Dette når me ved at me:

- Utviklar større bredde og konkrete fritids-, idretts-, kulturtilbod, som styrkar Årdal som oppvekststad og den einskilde sin kreativitet, meistring og eigenutvikling.
- Har kulturtilbod som styrkar Årdal sitt omdøme ut over eigen region.
- Byggar vidare på arbeidet i lag og organisasjonar og styrkar samspelet mellom kommune og det friviljuge arbeidet
- Vidareutviklar friluftstilboda på Seimsåsen for å styrke bukvalitetane i kommunen.
- Utviklar fritidstilboda til born og unge som viktige førebyggande arenaer som del av strategiar for tidleg innsats for den einskilde

2.6 Verdiskaping, innovasjon og arbeidsplassutvikling

Omtale av tema

Årdal er ein kommune prega av at industriell produksjon som bærebjelken for verdiskaping og busetjing. Dette er i sakte endring med meir knoppskyting og fleire kultur- og turistbaserte etableringar på veg. Som ein del av det grøne skifte vil Årdal og kunne utvikle seg som ei av fleire industriklynger for framtidsretta næringsutvikling basert på mellom anna det sterke fokuset på digitalisering, automatisering og robotisering i tillegg til sirkularitets- og berekraftssynergia. Årdal og Årdal Teknologipark er i ein unik posisjon knytt til kompetanse, samarbeid og innovasjon.

Årdal er eit spesielt samfunn med høg arbeidsdeltaking og lite arbeidsløyse. Dette utfordrar kommunen og næringslivet ved at det er vanskeleg å skaffe vikarar og nye arbeidstakarar frå fastbuande i Årdal. Det er og planar i einskildbedrifter som tilseier at Årdal kan få ein ny stor vekst i tal arbeidsplassar. Dette vil vere krevjande, særleg om ein stor del av desse ikkje skal bu i kommunen men være basert på pendling inn til kommunen, og på utanlandsk arbeidskraft. For kommunen er det ei utfordring om stadig større del av arbeidsstokken kjem utanfrå, av di dei då ikkje betalar skatt til kommunen, og i mindre grad blir ein del av det pulserande og sosiale livet i bygdene.

Årdal er rangert som ein av Norges mest sårbare næringskommune. Gjennom prosjektet *Statlege arbeidsplassar* har kommunen tatt tak i dette og har ein ambisjon om å etablere 100 statlege arbeidsplassar innan 2026. I tillegg til å endre samfunnet si sårbarheit, vil det og kunne bidra til å redusere den skeive kjønnssbalansen i kommunen.

Årdal Utvikling arbeider systematisk med å sikre eit oppdatert planverk for næringsutvikling, og har ein vedteken strategisk næringsplan for perioden 2020-2024, med eit årleg vedteke handlingsprogram.

Årdal har dei siste åra arbeidd målretta med satsing på kompetanse og innovasjon med utarbeiding av ein kompetansestrategi. I realiseringa av strategien er det fokus på samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanning og satsinga har materialisert seg gjennom etablering av Teknologiparken.

I tillegg til arbeidsplassar knytt til industri og teknologiar vert det og det arbeidd med reiselivsprosjekt i opplevingsaksen mellom Sognefjorden og Utladalen.

Pendlinga inn til Årdal er høg grunna at Årdal har mange arbeidsplassar og er ein del av ein felles arbeidsmarknaden i Sogn. Industrien vil kunne bli meir attraktiv for kvinner i framtida, etter kvart som krav til operatørar i industrien endrar seg til avanserte teknologibedrifter.

Vi forventar ein relativt stabil næringsstrukturen med vekst i industrien, truleg også auke i sysselsettinga. Satsinga til Hydro og NorSun er svært viktig for Årdal, då det får positive verknader for alle underleverandørane i Årdal. Nye industriprosjekt vil koma til Årdal og satsinga i Årdal Teknologipark vil begynne å gi effekt alt i 2022.

Utviklinga fram mot 2024 vil og vere prega av store kull som går ut i pensjonsalder og som må erstattast i det eksisterande næringslivet. Det blir avgjerande korleis vi handterer rekrutteringa.

Delmål 1: Næringsutvikling og verdiskaping skal bidra til å nå berekraftsmåla

Dette når me ved at me:

- Legg til rette for at eksisterande næringsliv som reiseliv, handel, tenesteyting og industri utviklar seg
- Stimulerer til utviklingsmiljø som kan styrke arbeidet med grøn teknologi og sirkulærøkonomi
- Årleg auke tal arbeidsplassar basert på grøn teknologi
- Etablere ein felles industripark eigd av det offentlege og privat næringsliv

- Utviklar teknologiparken til eit aktivt innovasjons- og læringsmiljø
- Bidreg til å bygge solid infrastruktur og fremme inkluderande og bærekraftig industrialisering og innovasjon.
- Bidreg til eit bærekraftig forbruks- og produksjonsmønster.
- Samarbeider for grøn vekst gjennom deling av kunnskap, ressursar og erfaringar.

Delmål 2: Eit mangfaldig næringsliv som er mindre sårbart og meir attraktivt

Dette når me ved at me:

- Legg tilhøva til rette for eit lønnsamt og variert næringsliv som gjev trygge arbeidsplassar
- Utviklar eit godt samarbeid mellom næringsliv og skule og mellom næringsliv og kommune
- Arbeider for ein variert næringsstruktur og vesentleg auke i statlege arbeidsplassar
- Legg tilhøva til rette for at ideelle aktører innan helse- og omsorgssektoren finn det attraktivt å etablere seg

Delmål 3: Næringsutviklinga skal styrke Årdal som lokalsamfunn

Dette når me ved at me:

- Utviklar kommunen sine reiskap for å drive næringsutvikling og evne til å gjennomføre einskildprosjekt innafor heile bredda av samfunnsutvikling, der dette er tenleg.
- Arbeider aktivt for låge tal gjestearbeidarar og personar som pendlar inn til kommunen
- Tek i bruk ny teknologi og kunnskap om miljø i utvikling av heile lokalsamfunnet
- Bygg samfunnet ved å utnytte eigne særtrekk
- Aktivt nyttar samarbeidet i Sogn som regionen og andre naturlege regionar
- Spissar næringssatsinga mot område der kommunen har særlege fortrinn
- Har fokus på dei positive kjenneteikna og styrkane til kommune og næringsliv
- Koplar saman forpliktinga som nasjonalparkkommune med aktiv næringsutvikling
- Etablerer eit tydelegare samarbeid for felles statistikk og analysar på tvers av forvaltninga
- Har tett kontakt med dei som tek utdanning og satsar på attraktive arbeidsplassar for dei
- Nyttar kompetansesentre som aktive verktøy for å realisere desentrale undervisningstilbod

Delmål 4: Kommunen har høg attraktivitet for næringsliv og busetting

Dette når me ved at me:

- Arbeider aktivt for å få fram nye verdikjeder og forretningsmodellar innan undervisningssektoren, som kan bidra til å sikre rett og nok kompetanse
- Nyttar opplæringskontor og kompetansemiljø som verktøy for å sikre tilgang på rett kompetanse

Delmål 5: Årdal har naudsynt tilgang til næringsareal og viktig infrastruktur

Dette når me ved at me:

- Gjer ei kartlegging av potensielt næringsareal og bygningsmasse
- Samarbeider for å sikre tilgang til energi til ulike deler av bygda der industrien treng den
- Nyttar Årdal teknologipark AS i samarbeid med Hydro til å etablere ein samla industripark

2.7 Transportstrategiar - Samferdsle, trafikk og parkering

Omtale av tema

Utfordringsområda for Årdal er knytt til betring av samferdsle internt i Årdal og til regionen rundt. Det er og ei utfordring knytt til regularitet grunna i rasfare og stengd fjellovergang.

I Øvre er det eit ynskje å redusere parkering på torget og bruke areala meir som opphaldsareal for folk. Det er naudsynt å tenkje nytt når det gjeld framtidig parkering og skape stoppeffektar for reisande som kjem gjennom bygda. Statusen som nasjonalparkkommune har auka dette behovet, og for parkering inn mot dei store innfallsporten til nasjonalparken.

Årdal er ein trafikksikker kommune og organiseringa gjennom *Årdal tenkt tryggleik* må seiast å vere unik i landet. Førebyggande arbeid også i planar er sentralt i trafikktryggingsarbeidet. Sikring av ferdsselsårene til og frå bygda for våre innbyggjarar er difor eit prioritert arbeidsområde. Vegnettet på Vestlandet er i stor grad i tunellar i fjell og mange av desse har ikkje mobildekning. Eit døme er distansen mellom Årdalstangen og Øvre Årdal der det er to tunneler utan dekning, ei strekke på 10 km der det er svært mykje tungtransport.

Det er viktig for kommunen å ha eit fungerande kollektivtilbod som legg til rette for transport frå der dei bur til arbeidsplassar, skule, fritidsaktivitetar og butikkar, og eit monaleg auke på ettermiddag og helg. Kollektivtilboda i kommunen har blitt svekka dei siste åra gjennom dei ulike ordningane og manglande samordning mellom Vy, Nor-Way og andre aktørar.

Fram til 1996 hadde Årdal ekspressbåtrute til og frå Bergen. Då ferjesambandet Fodnes – Mannheller opna, mista Årdal ekspressbåtruta og Sogndal vart endestoppestad. For innbyggjarane i Årdal vart ikkje dette eit godt alternativ for å nytte hurtigbåten til Bergen, med den følgje at privatbilbruken til Bergen auka monaleg.

Delmål 1: Årdal har eit fungerande kollektivtilbod på dag og kveldstid, året rundt

Dette når me ved at me:

- Arbeider aktivt for å få til gode interne kollektivløysingar
- Bidrar til å få på plass gode og mest mogleg fleksible kollektivtilbod med buss og båt, internt og til frå regionane rundt.
- Driv aktiv informasjon om og motivere til bruk av eksisterande kollektivtilbod
- Bidra til å etablere ei hurtigbåtrute mellom Bergen og Årdal, som kan styrke sambandet ut fjorden og bidra til mindre privatbilkøyring
- Bidreg saman med dei andre kommunane i Sogn for å få tilstrekkeleg tal avgangar med fly til/frå Oslo og Bergen.
- Greier ut moglege økonomiske grep for å få born og unge til å nytte kollektivtransport meir.

Delmål 2: Årdal utviklar transportsystem som bidreg til å nå dei nasjonale måla om klimagassutslepp

Dette når me ved at me:

- Utnyttar dei gode hamnefasilitetar på Årdalstangen med stor straumkapasitet til lading av hurtigbåt.
- Etablerer eit effektivt nett av ladestasjonar for bilar heile året, ved å samarbeide med private aktørar og nyttar dei nasjonale tilskotsordningane.
- Ved prioriterte innfallsportar til nasjonalparken, skal det vere tilgjengelege parkeringsareal og ladestasjonar.

- Gjer ei analyse av G/S og dei mange små koplingar som manglar for å få til eit samanhengande system i tettstadane der folk kan gå eller sykle.
- Sikre gode parkeringstilhøve i sentrumsområda som tek høgde for den auka gjennomgangstrafikken om sumaren.
- Legg til rette for gang og sykkelveg på FV 5631 frå skulehuset til Hjelle og tryggingstiltak med bru i Ålmennhagen for å gjere skulevegen trygg for gåande og syklande.

Delmål 3: Årdal er kopla på eit fylkesvegnett som tek i vare næringslivet og innbyggjarane sine behov for trygg veg året sundt

Dette når me ved at me:

- Set krav til at alle tunnelar skal ha dekning for mobil, naudnett og DAB. Arbeide inn mot fylkeskommune og staten for å få til ei kartlegging av dekningsgrad for å avdekke manglar i dekning innanfor mobil, naudnett og DAB. God dekning er svært viktig for trafikktryggleik og beredskapsarbeid.
- Bidreg til at planlagde prosjekt i RTP på Fv53 Øvre Årdal – Fodnes, Stedjetunellen og Timreskredtunnelen, vert gjennomført.
- Arbeider politisk for å få til betre kollektivtilbod aust / vest
- Arbeide politisk gjennom RTP for miljøvenleg transport på fjorden til/frå Bergen
- Bidreg til å få kartlagt og vurdert fylkesvegnettet si sårbarheit, risiko og konsekvens av naturhendingar. Dette skal femne om eksisterande vegsamband, bruer og ferjekaiar, og ikkje berre nye vegutbyggingar, som grunnlag for prioriteringar.
- Får vurdert etablering av ein ny tunnel som erstatning for Kolnos og Finnåstunnelen, i staden for å gradere opp kvar av dei to tunnelane. Dette for å sikre større del av vegstrekninga mot ras.
- Bidreg til at tunnelmassar frå lokale prosjekt vert nytta til å betre standarden på heile Fv53, med betre kurvatur og gul midstripe.
- Arbeide for ei generell standardheving å betre standarden på Fv53 Årdalstangen – Naddvik, med gul midstripe og betre kurvatur.
- Jobbe for å utbetre standarden på den fylkeskommunale delen av Fv5632 Fardalsvegen.
- Arbeider for meir regularitet og ope veg over Fv53 Årdal – Tyin, og delvis ope til fylkesgrensa.

Delmål 4: Årdal tek vare på samferdsleårer som har stor kulturhistorisk verdi og er viktige årer for naturopplevingar

Dette når me ved at me:

- Samarbeide tett med eigarane av Tindevegen mellom Fardalen og Turtagrø for å sikre gode løysingar for å handtere trafikkvekst, og samtidig styrke opplevingsverdiane knytt til vegen.
- Marknadsfører den restaurerte vegen mellom Sletterust, 1000 m og 400 m, som ein av dei mest spektakulære sykkelvegane i landet.
- Bidreg til å etablere eit nett av rastepllassar langs heile vegsystemet, med informasjon om Årdal, natur, kultur og næringsliv.

2.8 Arealstrategiar

Omtale av tema

Kommuneplanen legg til grunn prinsippa om to tettbygde sentrumsområde. Dette gir grunnlag for å få til ei berekraftig utvikling i kommunen, både miljømessig og sosialt. Hovudprinsippa for framtidig sentrumsutvikling er:

- Utvikle Årdalstangen med vekt på utvikling av strandsona som eit attraktivt miljø for reiseliv og friluftsliv knytt til sjø og båtliv, for å styrke reiselivet og bukvalitetane.
- Utvikle Årdalstangen og Øvre med fokus på urbanisering, fortetting med bustadar og offentleg og privat service.

Areala i kommunen er i stor grad sett av til dei hovudføremåla vi ser behov for framover.

Samtidig er det nye utfordringar knytt til å vere nasjonalparkkommune og å sikre areal til å utvikle ny industri som del av det grøne skifte. Arealstrategiane skal sikre at vi kan dekke nye behov og legge føringar for arealmessige avklaringar. Som nasjonalparkkommune er det viktig å få på plass utbyggingsgrenser og utbyggingsstrategiar som kan bygge opp under rolla, og bidra til å auke attraktiviteten for dei som bur i bygda og trekke til seg enno fleire besökande. Årdal som ein forsterka industristad for grøn industri vil og gje behov for å avklare bruk og samspel med noverande industri om bruk og utvikling av eksisterande industriareal og bygg/anlegg.

Kommunen har mange gamle reguleringsplanar. Ein stor del av byggesaker i hytteområde vert i dag handtert som dispensasjonssaker. Dette grunna i at retningslinene ikkje er tilpassa dagens behov og lokalsamfunnet sine ynskjer om mellom anna fortetting, storleik på hytter m.m.

Delmål 1: Arealbruken i Årdal kommune er klima og arealnøytral med tydelege utbyggingsgrenser

Dette når me ved at me:

- Ikkje legg ut nye areal som utbyggingsområde, men greie ut behovet for nye området til bustadbygging sett i samanheng med fornying og fortetting av eksisterande område.
- Nyttar masseoverskot frå større vegprosjekt i Årdal til samfunnsnyttige føremål. Dersom massane må deponerast skal ringverknadene for natur og miljø vere minst mogeleg negative.
- Kartlegg og tek omsyn til produksjonsareal for jord- og skogbruk, natur med viktige økosystemfunksjoner, og viktige friluftsområde slik at dei vert teke omsyn til i arealplanar og utbyggingssaker.
- Ved utbygging ikkje redusere dyrka mark, men tar vare på større samanhengande område med dyrka og dyrkbar mark.
- Stimulerer til dyrking av dyrkbar mark som ligg brakk eller er grodd att
- Brukar strandsone og vassdrag slik at det ikkje svekkar verdiane i strandsona eller stenger tilgangen for innbyggjarane.
- I randsonene til nasjonalparken legg til rette for tiltak som kan styrke nasjonalparken og vern av området.
- Nyttar kommuneplanens arealdel til å sette arealformål og omsynssoner for å sikre at verneområda og verneverdiane innanfor kommunegrensene vert teke i vare.
- Gjennomfører ei kartlegging av naturmangfald og landskapsmessige kvalitetar i aktuelle hytteområde, for å få kunnskap som kan sikre fortetting med kvalitet i høve VA, veg/tilkomst, materialbruk, fargebruk m.m.

Delmål 2: Arealbruken skal redusere transportbehovet gjennom samordna areal- og transportplanlegging med vekt på mobilitet til føts og sykkel

Dette når me ved at me:

- Samarbeide tett med eigarane av Tindevegen mellom Fardalen og Turtagrø for å sikre gode løysingar for å handtere trafikkvekst, og samtidig styrke opplevingsverdiane knytt til vegen.
- Marknadsfører den restaurerte vegen mellom Sletterust, 1000 m og 400 m, som ein av dei mest spektakulære sykkelvegane i landet.

Delmål 3: Årdal legg til rette for høg arealutnytting i senterområda Tangen og Øvre gjennom fortetting og omdanning med kvalitet i omgjevnadene

Dette når me ved at me:

- Set høge krav til arkitektur, kulturmiljø og grøn struktur for konkrete prosjekt, og legge stort omsyn til at kommunen har status som nasjonalparkkommune.
- Legg opp til at minst 90 % av ny bustadbygging i kommunen skjer innanfor byggesonene kring senterområda. Anna bustadbygging skal skje i grendene som eit supplement.
- Reviderer reguleringsplanane for sentrum på Tangen og Øvre for å gje rom for ei framtidsretta sentrumsutvikling.
- Nyte arbeidet med kommuneplanen sin arealdel til å drøfte behov for kommunen har for nye parkeringsareal, både i sentrumsområda og ved prioriterte innfartsvegar til nasjonalparken, og legge til rette for naudsynt areal.
- Gjennomføre ei analyse for å avklare utbygging av idrettsanlegg i Øvre og på Tangen, ut frå ei tenking om å skape gode bumiljø og funksjonsdeling mellom dei to sentra.

Delmål 4: Årdal har ein tydeleg arealpolitikk som sikrar areal for ny utvikling

Dette når me ved at me:

- Sikre god dialog med dei andre store aktørane i lokalsamfunnet, for å få ei felles forståing for måla om ein framtidsretta arealbruk i tråd med FN sine mål.
- Sikrar at det til ei kva tid er tilgjengeleg næringsareal med oppdatert informasjon eigenskapar/eignaheit som gjev ein føreseieleg situasjon for noverande og framtidige etablerarar.
- Legg til grunn at utbyggingsområde skal utnytte eksisterande infrastruktur så langt det lar seg gjere.
- Utarbeidar ein berekraftig utbyggingsstrategi for fjellområda, for både å ivareta omsynet til verneområda og vidare hyttebygging. Det vert etablert byggesonar som avgrensar hyttebygging i fjellområda.
- I område som Naddvik legg til rette for ein arealbruk som styrkar den funksjonen dei har som landbruksområde, men og gjev rom for nye einskildhus gjennom spreidd bustadbygging.
- Dokumenterer areal med «geologiske» utfordringar for å sikre god forvaltning.

2.9 Kommunen som organisasjon

Omtale av tema

Den primære rolla til kommunen er til ei kvar tid å levere tenester av tilstrekkeleg omfang og kvalitet og sikre god forvaltning av mynde og ressursar. Men kommunen har og i tillegg ei viktig rolle som samfunnsutviklar. Gjennom aktive utviklingsstrategiar kan kommunen, dei ulike sektorane og dei tilsette, bidra til å endre samfunnet i riktig retning. Den store verksemda med bygningar, tilsette, kjøretøy m.m., må ta eit stort ansvar for å vise i praksis korleis dei tilpassar seg det grøne skifte. Med t.d. utsleppsfrie kjøretøy, lågenergibygningar, bruk av spillvarme og bruk av teknologi i tenesteproduksjonen, vil dei vere eit utstillingsvindauge for å omsette generell kunnskap til praktiske løysingar.

Den kommunale organisasjonen er prega av høg kvalitet og stor kompetanse. Samtidig har den ein del utfordringar med å skaffe nok kvalifisert personell på spesifikke fagområde. Det er og deler av tenesteområda som har høg alderssamsetnad, skeiv fordeling mellom kjønna og høgt sjukefråvær. Det er etablert eit kommunikasjons- og rekrutteringsprosjekt for å møte utfordringane knytt til rekruttering av spesifikk kompetanse i deler av den kommunale organisasjonen. Kommunikasjonen skal rette seg mot å styrke omdømme gjennom å kommunisere det som finst av styrkar og moglege opningar for å skape det gode liv i Årdalssamfunnet. Det er ikkje snakk om å sminke bygda. Det held at realitetane kjem fram.

Årdal har etablert gode system for å ta i vare utviklingsoppgåver som t.d. tryggleik gjennom «Årdal tenk tryggleik» og rullerande planverk for ROS analyser og beredskap. Her blir tryggleik i jobb og fritid knytt saman. Konsekvensane av klimaendringane kan raskt endre dette biletet.

Årdal er, på linje med dei fleste kommunar, heilt avhengig av interkommunalt samarbeid og gode relasjonar til nabokommunane. Årdal tek aktiv del i Sogn regionråd og er med i ei rad interkommunale forpliktande samarbeid. Som eit resultat av å vere ein nasjonalparkkommune vil samarbeide austover mot dei andre nasjonalparkkommunane rundt Jotunheimen bli viktig i åra framover. I tillegg har nye Vestland fylke opna opp for nye regionale samarbeidsrelasjonar der Sogn regionråd samarbeider tettare med Hardangerrådet, og Årdal har teke ei sentral rolle i eit nettverk av industrikommunar i Vestland.

Kommunereforma har og skapt ein storkommune i Sogn, Sogndal kommune, som utfordrar samarbeidsklima og roller i regionen. Årdal vil bidra til å utnytte storkommunen til beste for regionen, samtidig som vi sjølv vil ta tydelege roller innanfor område der kommunen har særlege føresetnadar.

Årdal kommune og dei ulike sektorane og verksemndene treng ein felles og oppdatert database og kunnskapsgrunnlag for verksemndene sine og til bruk for eit målretta plan og utviklingsarbeid. Ei slik oversikt vil og kunne bidra i å styrke dialogen med aktørar utanfor kommuneadministrasjonen, og styrke dei politiske drøftingane og roller mot sentrale mynde.

Delmål 1: Årdal kommune har høg kvalitet på alle kommunale tenester

Dette når me ved at me:

- Driv eit aktivt utviklingsarbeid i den einskilde sektor for å utnytte potensialet og ny kunnskap best mogleg
- Etablerer gode samarbeidsrelasjonar med andre aktørar i bygda for å sikre at det er samsvar mellom forventninga og leverte tenester.

- Har ei felles forståing på tvers av sektorar om bruk av dei samla økonomiske ressursane og naudsynte tiltak for å effektivisere drifta.
- Byggar omdøme internt og eksternt gjennom ei eiga satsing/prosjekt som femner om alle sektorar og samfunnet som heilskap.
- Kommunen har eit systematisk og heilskapleg arbeid for å handtere risiko og sårbarheit, og har oppdaterte system for beredskapsarbeidet.

Delmål 2: Årdal har eit oppdatert og levande styringssystem

Dette når me ved at me:

- Brukar økonomiplanen som det viktige styringsdokumentet for prioriteringar og gjennomføring av tiltak.
- Brukar økonomiplanen til oppfølging av samfunnsdelen
- Utarbeider årlege klimabudsjett i tilknyting til arbeidet med økonomi- og handlingsplan.

Delmål 3: Årdal har eit felles og oppdatert kunnskapsgrunnlag for drift og utviklingsarbeid

Dette når me ved at me:

- Etablerer ein felles samla database som dei ulike sektorane og samarbeidspartar kan nytte kontinuerlig i eige arbeid og i samarbeidet.
- Utarbeider årlege statusrapportar for klima, energi og miljø i samarbeid med andre store aktørar i bygda.
- Nyttar kunnskapsgrunnlaget til å gjere årlege vurderingar av utviklinga og effekten av dei tiltaka som vert sett i verk.

Delmål 4: Årdal er ein aktiv og tydeleg part i det regionale samarbeidet

Dette når me ved at me:

- Tek ei aktiv rolle i å utvikle samarbeidet med nye regionar og kommunar utanfor Sogn regionråd.
- Tek ei leiande rolle i å utvikle eit kommunesamarbeid med andre industrikommunar i Vestland fylke.
- Er ein tydeleg teknologimotor i samarbeidet i Sogn regionråd.
- Bidreg til å utvikle forpliktande samarbeid med andre kommunar austover og andre regionsamanslutningar der det kan vere tenleg.

Delmål 5: Kommunen har eit godt omdøme som arbeidsgjevar

Dette når me ved at me:

- Jobbar aktivt for å stå fram som ein moderne og framtidsretta organisasjon det er spennande å vere ein del av.
- Tek ei aktiv rolle i å tiltrekker oss og halde på tilsette med god kompetanse og haldning i tråd med kommunen sine verdiar.
- Tek i bruk kommunikasjons- og rekrutteringsprosjektet som eit aktivt verkty i alle sektorar.
- Vurderer samla behov for vikartenester i kommunen, for å sjå på ulike løysingar for å sikre kvalifiserte vikarar innan alle sektorar.
- Kommunen driv aktivt kompetanse- og rekrutteringsplanlegging der behova er størst.